



## Friluftsliv



Med dette årsstudiet får du kompetanse i å undervise og rettleie i friluftsliv, med den spektakulære sunnmørsnaturen som boltreplass. Gjennom året vert gode naturopplevingar og innføring i inspirerende fysiske aktivitetar vektlagt. Følg oss på Facebook

### Studieinnhald

Studiet gir kompetanse i å undervise og rettleie i friluftsliv. Studentane skal få kunnskap om og allsidig kjennskap til ulike former for natur under vekslende tilhøve. Det vert fokusert på å gi nødvendig kompetanse for å kunne vurdere eigne og andre sine føresetnader i høve til ulike naturkrav, og innsikt i rammevilkår og krav som er aktuelle i høve til friluftsliv i barnehage, skule og fritid.

### Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Undervisninga er basert på studentaktive arbeidsmåtar som krev deltaking og medansvar. Opplevingar og erfaringar du får ute, vil gi grunnlag for drøftingar og anna studiearbeid. Studiearbeidet vil dermed vekse mellom turprega utandørsopphald, som kan vare over fleire døgn, gruppearbeid og plenumsdrøftingar og forelesing. Ein føreset at studentane er fysisk skikka og utstyrmessig utrusta til å gjennomføre undervisningsopplegga med overskot. Under samlingane vil du bu i telt, bevege deg i ulendt terreng og bære oppakning. Du må vere symjedyktige. Les om vurderingsordningar og eksamen i studie- og emneplanane.

### Aktuelle yrke og vidare studium

Årsstudiet kvalifiserer for arbeid i mellom anna skuleverket, reiselivet og organisasjonar. Det kan godtgjerast i Bachelor i friluftsliv og naturguide ved Høgskulen i Volda.

**Studiepoeng / lengd:** 60 / 2 semester (1 år)

**Opptakskrav:** Generell studiekompetanse.

**Søknadsfrist:** 15. april i Stengt for søking

**Studiestart:** Haust

**Kontaktperson:** For spørsmål om opptak Studentsørvis 70 07 50 18 [studentsorvis@hivolda.no](mailto:studentsorvis@hivolda.no)